

KOPI

SKJÆRGÅRDSFISK AS
Postboks 23
5931 MANGER

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 201203270 Dok.nr. 8

06 JUN 2012

Arkivnr. 313 Saksh. ENØKOR

Eksp.

U.off.

Dykkar ref:
Vår ref: 2011/002825
Dato: 30.05.2012
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

SKJÆRGÅRDSFISK AS - LOKALITET 31497 TOSKA N - LØYVE TIL AUKING AV AREALBRUK

Mattilsynet viser til søknad datert 17.04.2012 om endring av arealbruk på lokalitet 31497 Toska N. Søknaden vart oversendt frå Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, og vart motteke her den 18.04.2012.

Dette løyvet er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.

Mattilsynet forvaltar matlova og dyrevelferdslova og har ansvar for å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak i tråd med lova (§ 23 og § 30) og tilhøyrande forskrifter.

Saka gjeld

- 31497 - TOSKA N, Lokalitetsnummer 31497

Aktuelt regelverk

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv)
- FOR 2008-06-17 nr 822: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften)
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)

Vedtak om tillatelse

Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland, gjev Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS løyve til å auka arealbruk for anlegg for oppdrett av laksefisk på lokalitet 31497 Toska N i Radøy kommune, som omsøkt.

www.mattilsynet.no

Mattilsynet
Distriktskontoret Bergen og Omland

Saksbehandlar: Kristina Birkeland
Tlf: 06040 / 55215816
Besøksadresse: Bontelabo 8 B, Bergen
E-post: postmottak@mattilsynet.no
(Hugs namnet på mottakaren)

Postadresse
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal
Telefaks: 23 21 68 01

Vi har observert:

• Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS har den 17.04.2012 sendt inn søknad om endring av arealbruk på lokalitet 31497 Toska N. Søknaden er oversendt til Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland, til handsaming, jf brev av 18.04.2012 frå Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga.

Verksemdene søker om løyve til å utvide det noverande anlegget, som innhald 5 stk. 120 meters polarringar. Utvidinga vil omfatte 3 stk. nye 120 meters polarringar i ramme, med flytande fôringsmodul. Ein vil leggje til 2 av merdane i den nordvestre delen og 1 merd i den søraustre delen av eksisterande anlegg. Fôringsflåten er omsøkt flytta noko lenger søraust. I tillegg vert det nokre endringar i plasseringane av fortøyingane og ankerfesta. Bakgrunnen for den omsøkte utvidinga er å unngå oppsplitting av grupper undervegs i produksjonen, samt for å ta høgde for kommande parasittbehandlingsmetodikkar. Det er ikkje søkt om auka biomasse. Sjå Forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Den omsøkte aukinga av arealbruk frå fem til åtte polarringar på Toska N vil gje verksemdene tilgang til fleire ringar i samband med avlusing, noko som vil gjere gjennomføring av behandling enklare. Det at ein også unngår sortering av fiskegrupper undervegs i produksjonsprosessen vil minske behovet for handtering, og dermed minimere påføring av stress på fisken. Stress blant anna kan utløyse utbrot av latent sjukdom, så færre handteringar vil vere gunstig når det gjeld fiskevelferd. Mattilsynet ser difor positivt på den omsøkte aukinga av arealbruk.


Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 .

Mattilsynet vil vurdere å trekkje godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket.

De pliktar å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

Med helsing

Ase Ellen Bech
seksjonssjef


Kristina Birkeland
førsteinspektør,
fiskehelsebiolog

Kopi:

Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga, Pb 7900, 5020 BERGEN
Fiskeridirektoratet Region Vest, Pb 185 Sentrum, 5804 BERGEN